Vestland
fylkeskommune

# Program for folkehelsearbeid i kommunane i Vestland

## - Prosjektplan for vidare utvikling av tiltak

### Bakgrunn for søknadsordning:

Vestland fylkeskommune vurderer det som hensiktsmessig å nytte restmidlar etter siste opptak av programkommunar januar 21, til å styrke pågåande arbeid i nokre tiltak. Dette også for å få større evalueringar. I møte 12.05.21 slutta Folkehelseforum Vestland seg til forslag om kriterium for tildeling av midlar som er til gode frå tidlegare Hordaland, og at midlane vert nytta til vidareutvikling av nokre pågåande prosjekt.

### Økonomiske rammer og handsaming av innkomne søknadar:

Den økonomiske ramma vil vere totalt på om lag 3,2 millionar – til fordeling over åra 2022-2024. Det er forventa eigenfinansiering frå kommunen i vidare utvikling av prosjektet. Fylkeskommunen vurderer det som mogleg å gje støtte til vidareutvikling av 2-3 tiltak, avhengig av storleik, søknadssum og prosjektlengde av prosjektet. Frist for å søkje om vidareutvikling av tiltak er sett den 15. september 2021. Vestland fylkeskommune vil leggje fram forslag om tildeling når det gjeld innkomne søknadar i møte med folkehelseforum Vestland 14. oktober 2021.

### Kriterium for tildeling:

- Midtvegsevaluering av prosjektet syner at tilnærminga i tiltaksarbeidet bør justerast (heilt eller delvis). Årsaker til denne justeringa er godt gjort greie for i søknad om forlenging av tiltaket, samt ny/justert framgangsmåte.
- Prosjektet har, ibuande, eit logisk framhald. Døme på dette kan vere at det er utvikla verktøy for medverknad for barn/unge i kommunen. Neste logiske steg kan då vere: Korleis få til medverknad i praksis?
- Prosjektet har vist gode resultat/potensiale. Fleire kommunar ønskjer samarbeid for å utvikle liknande prosjekt i eit interkommunalt prosjektsamarbeid.
- Prosjektarbeidet har avdekka trong for kompetanseløft i kommunen (døme: medverknad, organisasjonsutvikling, tverrfagleg- og tverrsektorielt samarbeid, prosess- og prosjektleiing, prosjektdesign, evaluering...) Søknad om kompetanseløft kan gjelde den enkelte kommune eller vere som ein interkommunalt søknad.

### Innsending av søknad

For å sende inn søknad ber vi om at kommunen fyllet ut skjema og mal lagt til dette dokumentet. Framdriftsplan, rapporteringar, eller liknande kan de leggje ved søknaden. Søknad skal sendast inn til post@vlfk.no innan søknadsfrist 14. september 2021, med anne-lene.norman@vlfk.no på kopi.

Vestland fylkeskommune

# Mal for utfylling av prosjektplan:

| | |
|---|---|
| **Kommune:** | **Bømlo kommune i samarbeid med Askøy kommune** |
| **Namn på tiltak:** | Med ungdommane i førarsetet – prosjektbasert ungdomsmedverknad i Bømlo og Askøy kommune |
| **Prosjektleiar og kontaktinformasjon:** | Namn: Lene Borgen Waage<br>Telefon: 95934462<br>E-post: lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no<br>Organisasjonsnummer: 834 210 622 |
| **Målgruppe for tiltaksutvikling:**<br><br>*Kryss av på målgruppe/-er prosjekt er tenkt for.* | ☐ Barn i barnehagealder<br>☐ Barn i grunnskulealder (1-7. klasse)<br>☒ Ungdom i ungdomsskulealder<br>☒ Ungdom i vidaregåande skulealder<br>☒ Unge vaksne<br>☒ Føresette/foreldre<br>☐ Vaksne<br>☒ Tilsette i kommunen<br>☒ Frivillig sektor<br>☐ Andre: |
| **Arena:**<br><br>*Kryss av kva slags arena/-ar prosjektet er tenkt for.* | ☐ Familie<br>☐ Barnehage<br>☐ Grunnskule<br>☒ Ungdomsskule<br>☒ Vidaregåande skule<br>☒ Nærmiljø<br>☒ Fritidsarenaer<br>☐ Førebyggjande helsetenester<br>☐ Anna: |
| **Oversiktsarbeid og utgangspunkt for vidare utvikling av prosjekt:**<br>- ***Beskriv kort utgangspunkt for vidare tiltaksutvikling.***<br>- ***Kva lokale utfordringar og ressursar har kommunen avdekka i prosjektet fram til no.*** | Både Bømlo og Askøy kommunar har medverknad og deltaking for barn og unge som tema for sine folkehelseprogram.<br><br>Skuleåret 2020-21 deltok ungdomsrådet i Bømlo i folkehelseprogrammet med kurs i ABCD-metodikken (Asset Based Community Development). Gjennom kurs og prosjektarbeid identifiserte me både prosjekt ungdommane brenn for å gjennomføra og ressursar blant ungdommen. Ungdommens kommunestyre i Askøy har òg tradisjon for å samlast for å finne satsingsområde dei vil fokusera på dei kommande to åra.<br><br>Noverande organisering av både ungdomsrådet og ungdommens kommunestyre er månadlege møte med representantar frå ulike skular som ikkje kjenner kvarandre godt. Ungdomsrådet i Bømlo og ungdommens kommunestyre i |

| | |
|---|---|
| | Askøy er likevel aktive og får seg lagt føre sakar og får høve til å uttala seg i desse.<br><br>Organiseringa og måten ungdomsorgana blir involvert på er i stor grad tufta på dei same prinsippa som vaksne organ. Ungdommane blir dermed i liten grad involvert på deira premiss.<br><br>Møteformen og det at ungdommane brukar lang tid på å bli kjent, gjer det vanskeleg å komma vidare frå å identifisera ressursar og prosjekt/tema ungdommen brenn for. Når ungdommen startar å bli kjent er skuleåret over og nytt ungdomsråd må starta mange av prosessane på nytt.<br><br>Organiseringa gjer også at det i stor grad blir representantane i ungdomsrådet og ungdommens kommunestyre som blir involvert i diskusjonar og prosjekt, utan at ein får mobilisert ein større del av ungdommane i kommunane.<br><br>Slik kan me seia at ungdomsorgana sin medverknad i stor grad framleis er det som i deltakingstrappa blir rekna som informasjon, konsultasjon og dialog, medan me ynskjer at ungdommen skal vera med å setja sakar på dagsorden og aktivt vera med å styra (Klausen et al, 2013[1]).<br><br>Ved utgangen av pandemien vil det vera av stor verdi å setja særskilt merksemd på korleis ungdomsorgana kan bidra til å nå dei overordna måla om medverknad og deltaking for å bidra til betre psykisk helse for barn og unge.<br><br>Pandemien har sett sitt preg på arbeidet med ungdomsråd og ungdommens kommunestyre det siste halvanna året.<br><br>For Askøy sin del har alle møter førre skuleår, utanom det første, vore gjennomført gjennom nettbaserte løysningar. Bømlo har i nokon større grad hatt høve til fysiske møte, men då med faste plassar i ein kinosal med to meters avstand. Dette har gjort det ennå vanskelegare å bli kjende med kvarandre og skapa ein trygg plattform for kunne reflektera høgt saman. Ved utgangen av pandemien blir det dermed ekstra viktig å mobilisera ungdommen og setja dei i førarsetet for val og prioriteringar når samfunnet skal opp og gå att.<br><br>Ein er no nær halvvegs i folkehelseprogrammet. Eit stort sett med prosjekt både i Vestland og i reisten av Noreg utviklar og testar ut innovative løysingar for å styrke psykisk helse og rusførebygging. Fleire portalar og nettsider formidlar einskilde prosjekt, metodar og tiltak, men det manglar per i dag ein felles |

[1] https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2019/11/Medvirkning-med-virkning.pdf

| | |
|---|---|
| | formidlingsplattform for metodar og erfaringar, løfta fram av kommunane sjølve. |
| **Målsetting for prosjektet:**<br>- ***Skildre overordna mål, resultat- og effektmål i prosjektet.***<br>- ***Kva ønskjer de å oppnå med vidare utvikling av prosjektet?*** | Overordna mål:<br>Ungdommane i Askøy og Bømlo set sakar og prosjekt på dagsorden og får reell påverknad i sakar som angår dei.<br><br>Resultat- og effektmål:<br>- Konkrete prosjekt og resultat initiert av og drive fram av ungdommane sjølve<br>- Ungdommar som gir tilbakemelding om at dei har fått sett tema dei er opptekne av på agendaen<br>- Bruk av dei ressursane ungdommane har sjølve i gjennomføringa av prosjekta, samstundes som kommunale og andre ressursar har bidrege til å realisera prosjekta<br>- Dokumentasjon og formidling av metodar og døme til bruk for andre kommunar i medverknadsarbeid retta mot ungdom<br><br>Me ønskjer derfor å teste ut ein ny organisering av ungdomsrådsarbeidet med ei intensiv oppstartshelg og tematiske prosjektgrupper med ungdom i førarsetet og kommunale og andre vaksne som definerte støttespelarar. I arbeidet vil me dra nytte av å vera fleire kommunar både i tiltaksutviklinga, for å sjå om same type tiltak verkar på tvers av ulike kommunar og ikkje minst ved at også ungdommane kan utveksle erfaringar og idear på tvers. |
| **Problemstillingar:**<br>– ***Kva for problemstillingar er sentrale i vidare utvikling av prosjektet?*** | Korleis mobilisera ungdommar med ulike ressursar og bakgrunnar til ungdomsrådsarbeid og anna arbeid for utvikling av deira nærmiljø og kommunar?<br><br>Korleis bruka ungdommane sine ressursar i prosjektarbeidet, samstundes som at ungdommane opplever at andre ressursar støttar opp under prosjektet?<br><br>Korleis skape resultat på kort sikt av prosjekta ungdommane identifiserer?<br><br>Korleis formidla metode og døme på ein god måte, slik at kommunar og ungdomsråd i heile Noreg kan dra nytte av erfaringane som blir gjort? |

| | |
|---|---|
| **Aktivitetar i tiltaksutviklinga:**<br>- ***Beskriv aktivitetar i tiltaksutviklinga fram til no.***<br>- ***Gjer greie for tiltak, metodar og/eller verktøy utvikla i prosjektet for barn og unge i kommunen.***<br><br>- ***Kva skal gjerast i vidare utvikling av prosjekt for å nå måla for tiltaket?***<br>- ***Nemn faglege metodar som nyttast.*** | Både Bømlo og Askøy kommune brukar Asset Based Community Development som metode i mellom anna folkehelseprogrammet. Dette er ei styrkebasert tilnærming, der me byggjer på ressursane i samfunna våre for å utvikle nærmiljø og kommune.<br><br>Vidare har begge kommunane erfaring med å bruka ulike og innovative formidlingsformar for å synleggjera både metode og resultat.<br><br>Me vil starte prosjektperioden med å gjennomføra parallelle tiltak retta mot ungdomsråd/ungdommens kommunestyre, elevråd på ungdomsskule og vidaregåande skular og andre ungdommar.<br><br>I løpet av prosjektperioden vil dei to kommunane diskutera erfaringar og resultat både for å identifisera kritiske suksessfaktorar for å få tiltaka til å fungera, og for å dela erfaringar og resultat med andre. Her vil me leggja stor vekt på samarbeid og gode grensesnitt med andre formidlingskanalar, slik at me støttar opp om at ein får ein samla god formidling av verktøy, metodar og erfaringar som blir testa ut gjennom folkehelseprogrammet og andre prosjekt Kommunenorge er involvert i.<br><br>Seinare i prosjektperioden vil me samle ungdommane på tvers av kommunegrensene for at ungdommane kan utveksle erfaringar og engasjement. Me vil også aktivt formidla metodane og erfaringane gjennom tekstar, videoar og oppskrifter på nett – me vil leggja vekt på at ungdommen si stemme skal vera tydeleg i denne formidlinga. Her vil også andre kommunar som vil dela erfaringar vera velkomne med bidrag. |
| **Midtvegsevaluering:**<br>- ***Korleis har kommunen evaluert prosjektet fram til no?***<br>- ***Skildre resultat og potensiale frå prosjektet.***<br>- ***Gjer greie for nødvendige justeringar i tiltaksarbeidet.***<br>- ***Kva trong for kompetanseløft har kommunen avdekka i prosjektarbeidet?*** | - Vedlegg 1 viser evalueringa frå Bømlo kommune for 2020-21. Evalueringa har både vore basert på dialog med prosjektdeltakarane og spørjeundersøkingar. Resultata av prosjektet er både konkrete prosjekt som er gjennomført, idear og personlege effektar for prosjektdeltakarane.<br>- I 2021-22 legg prosjektdeltakarane vekt på prosjektaktiviteter for å få ein breiare effekt for barnehagen, skulen og nærmiljøet<br>- For ungdommane og ungdomsrådet er tiltaket med kick off og tematisk oppfølging som er skildra over eit tiltak for å auke medverknaden og engasjementet for unge. Tiltaket er forankra politisk gjennom sak til utval for Levekår i Bømlo i august 2021 (sjå vedlegg 2).<br>- Bømlo har heilt sidan arbeidet med nærmiljøprosjektet aktivt brukt ABCD-metoden (Asset Based Community |

| | |
|---|---|
| | Development) i arbeidet med nærmiljøutvikling og program for folkehelse. Me har sett at det å få eit felles omgrepsapparat og ein felles metode gir eit godt grunnlag for utvikling av planar og prosjekt. Derfor har me hatt samlingar for leiarar og rådgivarar våren 2021, og me har eit ABCD-kurs hausten 2021 for leiarar, medarbeidarar og frivillige frå ulike verksemder i kommunen. Dette er gjort mogleg ved hjelp av midlar frå Vestland fylke.<br>- Askøy kommune ser på utvikling av ungdommens kommunestyre som ein viktig vidareutvikling av kommunens sitt folkehelseprosjekt «Saman om nærmiljø og møteplassar» - SoNoM. Askøy kommune ønskjer å styrka dei unge sin kompetanse på å byggja gode og trygge lokalsamfunn og nærmiljø gjennom å gjere dei til ei «ABCD-kraft» i kommunen (sjå vedlegg 3, pkt. 3.4 og pkt. 4.2.4). |
| **På kva for måte medverkar målgruppa i tiltaksutviklinga?**<br>- ***Skildre korleis primær målgruppe er tenkt/blitt involvert for medverknad i vidare utvikling av prosjekt.*** | Vedlegg 1 viser korleis ungdomsrådet i Bømlo i 2020-21 aktivt har peikt på behovet for å bli betre kjent og få moglegheita til å jobbe med prosjekt, basert på kva dei engasjerer seg i.<br><br>I prosjektaktivitetane som er planlagde legg me også opp til at ungdommane sjølve får leggja føringar for korleis me skal jobbe skuleåret 2021-22. |
| **Korleis samarbeider kommunen om prosjektet?**<br>- ***Skildre korleis de vil samarbeide internt i kommuneadministrasjon.***<br>- ***Skildre korleis de samarbeida tverrsektorielt, til dømes med kompetansemiljø, forskingsmiljø, frivillige lag og organisasjonar, andre?*** | **Samarbeid organisert i kommunen**<br>Program for folkehelse har representantar frå barnehagar, skular og rådgivarstab. I sjølve arbeidet med kick off og prosjektarbeid med ungdommane vil me knytte til oss relevante ressursar som til dømes planavdeling, Moster 2024 og lag og organisasjonar. |
| **Interkommunalt samarbeid**<br>- ***Er kommunen i kontakt med andre kommunar om samarbeid i vidare utvikling av prosjekt?*** | **Samarbeid organisert tverrsektorielt**<br>Kva delar av kommunane som vil bli mobilisert som støttespelarar for prosjekta vil avhenge av kva prosjekt ungdommane identifiserer innleiingsvis i prosjektperioden. |
| | Som vist over er prosjektet eit samarbeid mellom Bømlo og Askøy kommunar. Kommunane tek begge utgangspunkt i ABCD-metodikken, ein tradisjon med å aktivt formidla metode og resultat og eit etablert samarbeid med HVL. Gjennom heile prosjektperioden vil me dra nytte av det etablerte samarbeidet som kommunane har hatt gjennom nærmiljøprosjektet og folkehelseprogrammet både i evaluering av metode og tiltak og formidling av prosjekt og resultat. |

| | |
|---|---|
| | Me vil starte med parallelle aktivitetar i dei to kommunane der administrative støttespelarar vil diskutera erfaringar og metode. Seinare i prosjektperioden ønskjer me at ungdommane i dei to kommunane skal møtast på tvers for debatt og utveksling av erfaringar. |
| **Evaluering av tiltaket:**<br>- *Kva er planlagt eller tenkt opplegg for vidare evaluering av prosjektet.* | Deltakingar i samlingar og kurs vil bli bedne om å gi tilbakemeldingar i samband med desse.<br><br>Me vil vidare bruka fokusgruppeintervju og andre kvalitative metodar for å evaluera arbeidet, mellom anna i samarbeid med HVL. Til dømes er det ein masterstudent som følgjer prosjektet hausten 2021, som særleg vil følgja opp dei av prosjektdeltakarane som tilhøyrer elevrådet på Bremnes ungdomsskule. |
| **Framdriftsplan*:**<br>- *Inkluder i framdriftsplan planlagt aktivitet og fastsette milepålar.*<br>- *Kven står ansvarleg for gjennomføring av prosjektet?*<br><br>**vis gjerne til vedlegg* | • Kick off-aktivitetar hausten 2021 og -22 i ungdomsråda for å<br>    o kartleggja kva ressursar ungdommane har<br>    o identifisera kva prosjekt ungdommane brenn for<br>    o diskutera korleis ungdommane kan mobilisera ulike ressursar for å realisera prosjekta<br>• Gjennomføra prosjekt i regi av ungdommane, men med støtte frå relevante ressursar (heile prosjektperioden)<br>• Utveksle erfaringar i kommunane (heile prosjektperioden)<br>• Dokumentera og formidla kva idear ungdommane har og korleis me jobbar for å gå frå idé til realisert prosjekt, inkludert kva utfordringar me møter på vegen. (heile prosjektperioden)<br>• Ha samling med debattar, diskusjonar og erfaring me ungdommar frå begge kommunar. (mai 22 og mai 23)<br><br>Ansvarleg for prosjektarbeidet er koordinator for ungdomsråd Bømlo kommune og Ungdommens kommunestyre Askøy kommune, samt prosjektleiarar for Bømlo og Askøy sine folkehelseprogram. |

Vestland fylkeskommune

# Budsjett for prosjektperiode:

| | |
|---|---|
| **Skriv inn tenkt prosjektperiode for vidare utvikling av tiltak** | Oktober 2021-Juni 2023 |

| **Inntekter *(spesifiser)*** | | | **Beløp** | **Kommentar*:** |
|---|---|---|---|---|
| **Søkt tilskotsordning program for folkehelsearbeid** | | | Kr. 550000 | Skriv tekst her. |
| **Søkt tilskot andre** | | | Kr. 250000 | **Ungdomsråda sine midlar, samt andre eksterne midlar** |
| **Eigenkapital og eigeninnsats** | **Ant timer:** 200 | **Timesats:** 500 inkl sosiale kostnader | Kr. 100000 | **Prosjektleiarar program folkehelse, koordinatorar ungdomsråd/ Ungdommens kommunestyre** |
| **Totale inntekter** | | | **Kr. 900000** | Skriv tekst her. |

| **Utgifter *(spesifiser)*** | **Beløp** | **Kommentar*:** |
|---|---|---|
| **1. Lønsutgifter og sosiale kostnader** | Kr. 100000 | **Prosjektleiarar program folkehelse, koordinatorar ungdomsråd/ Ungdommens kommunestyre** |
| **2. Reiseutgifter, arrangement, møter, konferansar** | Kr. 400000 | **Samlingar for ungdommane** |
| **3. Konsulenttenester** | Kr. Skriv her. | Skriv tekst her. |
| **4. Trykking, publikasjonar, kunngjeringar mm.** | Kr. 200000 | **Digital formidling** |
| **5. Utstyr nb. kun mindre utstyr i dialog med VLFK** | Kr. Skriv her. | Skriv tekst her. |
| **6. Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortenester (kan også vere eigen del)** | Kr. Skriv her. | Skriv tekst her. |
| **7. Andre utgifter: Spesifiser/t.d tiltaksutvikling i samarbeid med FoU-miljø, frivillig sektor el..** | Kr. 200000 | **Prosjektmidlar for prosjekt som ungdommane initierer** |
| **Totale utgifter – førebels plan** | **Kr. 900000** | Skriv tekst her. |

*Vi ber om at alle kommentarfelt blir fylt ut.

Underskrift

Stad: Bremnes

Dato: 16/9-21

BØMLO KOMMUNE
Rådmannen
5430 Bremnes

Rådmann

eller den som har fullmakt frå rådmannen.

Prosjektleiar

# Oppsummering og evaluering av program for folkehelse i Bømlo 2020-21

## Innhald

**INNLEIING** ........ **1**

**PROSJEKTAKTIVITETAR 2020-21** ........ **1**

TILTAK OG AKTIVITETAR ........ 1
NÆRARE OM ABCD-KURSA ........ 2
FORMIDLING OG KOMMUNIKASJON ........ 4
OVERORDNA PROSJEKTARBEID ........ 4

**ENDRINGAR OG RESULTAT** ........ **5**

EIGENEVALUERING ........ 5
DØME PÅ ENDRINGAR OG RESULTAT ........ 5

**OVERORDNA VURDERINGAR 2020-21** ........ **9**

## Innleiing

Maurtua barnehage, Meling skule, Bremnes ungdomsskule og ungdomsrådet er prosjektdeltakarar i program for folkehelse i Bømlo. I tillegg har kommunen i 2020-21 hatt eit eige delprosjekt kalla ABCD i kommunen der ein ser korleis ABCD-metodikken kan nyttast på kommunenivå, samt ei ekstra finansiering frå sparebankstiftinga SR-bank til utstyr, kommunikasjon og formidling. Under følgjer ei stikkordsmessig oversikt over tiltak og aktivitetar i 2020-21, nærare omtale av ABCD-kursa, av arbeidet med formidling og kommunikasjon og det overordna prosjektarbeidet.

Prosjektdeltakarane gjennomførte i juni 2021 ei eigenevaluering, samt at ein del av deltakarane på kursa ga tilbakemelding på kursa i ei kort spørjeundersøking. Det blir her gjort ei oppsummering av eigenevalueringane og døme på endringar og resultat for aktive prosjektdeltakarar, foreldra, nærmiljøet og skulen, barnehage og ungdomsråd. Til slutt blir det gjort ei overordna vurdering med konsekvensar for prosjektplanen skuleåret 2021-22.

## Prosjektaktivitetar 2020-21

### Tiltak og aktivitetar

#### Maurtua barnehage

- Gjennomført ABCD kurs for 3 deltakarar
- Hatt to felles personalsamlingar der Folkehelse har vore tema, og resultert i fleire konkrete bidrag til prosjektet. Hode, hjerte,hender er gjennomført.
- Laga oss ein overordna plan.
- Delteke på prosjektmøter
- Samlingar med barnegrupper.
- Ruslemaking der barna har funnet plassar dei ynskjer å samlast og har hatt idear til opplevingar, og som kan brukast til ruslemaking med familie også utanom barnehagetid. Altså fått fleire nye møteplassar.

- inngått konkret samarbeid med Bremnes Ungdomsskule og fleire andre friviligge.
- frikjøpt 10 % ressurs gjennom fast fokus på prosjektet
- pågåande arbeid for at samleplassene for ruslemaking skal bli tilgjengelg for alle interesserte på kart, løyper med QR kode.
- hatt filminnspeling ved hjelp av Bømlo Kommune

### Meling skule

- ABCD-kurs med tre elevar og tre tilsette – elevane sine prosjektidear er dokumentert med film
- Workshop med heile sjuande klasse
- Gjennomført klassefest i "teknisk rom" (prosjekt) - foreldre var vaktar
- Ungdata-oppfølging og oppfølging av elevrådsundersøkinga - SLT-koordinator gikk gjennom resultat + at rektor gjennomgikk resultat av elevrådsundersøkinga. 4.-7.-trinn gjennomførte SWAT og presenterte inn i elevrådet

### Bremnes ungdomsskule

- Oppstartsveka med gjennomføring av hode-hjerte-hender-øving med nye elevar
- Temaveka God nok der elevrådet er involvert (utfordrande i 2020-21 på grunn av koronarestriksjonar)
- Deltaking ABCD-kurs elevrådet + workshop elevrådet om "samfunnskaka"
- Prosjektideane er dokumentert med film

### Ungdomsrådet

- ABCD-kurs der heile ungdomsrådet, koordinator og politikarar knytt til ungdomsrådet, folkebiblioteket, kulturhuset, frivilligsentralen og Moster 2024 deltok.

### ABCD i kommunen

- Utvikling av e-læringsopplegg for ABCD-kurs i samarbeid med Cormac Russel i Nurture development
- Leiarforum med strategisk leiargruppe og rådgivargruppa der ABCD-metoden var tema. Etter ei generell innleiing, hadde ein dialog med Cormac Russel og gruppearbeid.

## Nærare om ABCD-kursa

I utgangspunktet skulle ein gjennomføra kurs med prosjektdeltakarane i april 2020, der kurshaldar Cormac Russel skulle delta fysisk. Grunna koronapandemien måtte kurset utsetjast og opplegget endrast. Opprinneleg var planen at tre kursgrupper skulle ha 2*2 dagar med Zoom-kurs og gruppearbeid i løpet av november 2020. Det viste seg vanskeleg å gjennomføra, ettersom det var vanskeleg å frigjera så mykje tid i løpet av ein månad. Me endra derfor opplegget til kortare sesjonar over lengre tid.

| Kursgruppe | Deltakarar på kurset | Datoar for kurs |
|---|---|---|
| 1 | Elevrådet ved Bremnes ungdomsskule saman med elevrådslærar eller rektor<br><br>3 tilsette ved Maurtua barnehage, der ein av dei tilsette også er forelder i barnehagen | 12/11-20 kl 10-13<br>17/02-21 kl 9-12<br>15/04-21 kl 9-12 |
| 2 | Tre 7.klassingar, rektor, avdelingsleiar og lærar Meling skule. Leiar i grendautvalet deltok på ein av samlingane. | 17/11-20 kl 10-13<br>25/02-21 kl 9-12<br>22/04-21 kl 9-12 |
| 3 | Ungdomsrådet, politikarar knytt til ungdomsrådet, sekretær ungdomsrådet, | 23/11-20 kl 1000-1130<br>25/01-21 kl 1000-1130 |

| Kursgruppe | Deltakarar på kurset | Datoar for kurs |
|---|---|---|
| | kulturhuset, frivilligsentralen, biblioteket og Moster 2024 | 15/03-21 (avlyst grunna nedstenging)<br>20/05-21 kl 10-13 |

I tillegg gjennomførte prosjektleiar ei økt med deltakarar frå fleire av kursgruppene som ikkje hadde hatt høve til å delta i første kursrunde 18/2.

På kursdagane var kursdeltakarane samla i Bømlo kulturhus. For kursgruppe 1 og 3 var deltakarane samla i Litlesalen, med tilviste seter, i tråd med gjeldande smittevernreglar. Kursgruppe 2 var frå same kohort og færre, og kunne ha kurset på Blia-rommet, der dei kunne samlast rundt eit møtebord og dermed ha høve til meir interaksjon. Kurshaldar Cormac Russel var med over Zoom, medan prosjektleiar koordinerte gruppearbeid og interaktiv deltaking. I all hovudsak vart kurset halde på engelsk, med nokre oppsummeringar og gruppearbeid på norsk. I tråd med erfaringane me gjorde oss i første kursrunde, fekk deltakarane val om å delta på engelsk, eller snakke norsk med simultanoversetting per chat til kurshaldar.

## Evaluering ABCD-kurs

I evaluering har alle prosjektdeltakarane meldt at ABCD-kurset har påverka prosjektarbeidet positivt.

Alle kurssesjonane har vore avslutta med dialog om kursdagen. I tillegg har deltakarane gitt tilbakemelding i etterkant av kursrekkja i samband med elevrådsmøte og andre lokale prosjektaktivitetar. Barn og unge har meldt tilbake om at fleire korte sesjonar er positivt, sett opp mot lengre kursdagar. Nokre ga likevel tilbakemelding om at kursopplegget vart kjedeleg i lengda, medan andre ga tilbakemelding om at kursopplegget var veldig godt, lærerikt og givande. Av og til syntes dei også det var utfordrande å skjønne alt, sidan kurset var på engelsk. På spørsmål om kva dei lærte gjennom kurset har dei mellom anna uttala at:

*«Eg likte å læra om at ein ikkje skal setta merkjelappar på folk; ikkje dømma dei før ein har blitt kjent med dei»*

*«Eg har lært at det er fleire sider av ei sak – ein veit kanskje ikkje så mykje som ein trur, ein må ikkje dømme nokon utan å veta heile historia»*

*«Berre du spør, kan du få litt hjelp og då er det veldig mykje som er mogleg å få til»*

*«Eg har lært å tenkja nye moglegheiter for trivsel»*

Dei vaksne kursdeltakarane har både gitt munnlege tilbakemeldingar og åtte deltakarar har svara på kursevaluering. Her har deltakarar mellom anna trekt fram:

*«Eg har lært å vera open for å sjå andre innfallsvinklar for problemløysing»*

*«Eg tek med meg dialogen med dei andre deltakarane, frå bla. politikk og ungdomsrådet. Eg har lært kor fruktbart det er å snakke og diskutere med folk i kommunen utanfor mi eiga kollegagruppe. Og at det er eit stort potensiale for samskaping der ute.»*

*«Korleis ein kan skapa eit samhald i nærmiljøet, og ein ny tankegong.»*

*«Eg vil sjå etter andre sine "skills" og stilla meir spørsmål om kva andre kan bidra med - ikkje tenkja at andre ikkje har resursar eller lyst til å bidra.»*

*«Fokuset på at alle kan bidra, det skaper eit miljø og eit fellesskap å utnytta dei enkelte sine evna. Engasjementet auka når dei eig ideane og når ein finn felles interesse i prosessane.»*

Sekretær for ungdomsrådet har gitt denne tilbakemeldinga om kurset:

*Dei digitale kursa fungerte veldig bra, der ein fekk gode diskusjonar og godt engasjement, sjølv om Cormac Russel var på storskjerm (veldig bra teknisk løysing i Veslesalen!). Dei korte sesjonane gjorde at me ikkje fekk komme oss like grundig gjennom innhaldet, som det originale opplegget gjorde. Men dette gjorde ikkje så mykje for det behovet ungdomsrådet hadde, då me fekk mykje drøftingar som sette i gong refleksjonar mellom kvart møtepunkt.*

Dei to andre kursgruppene hadde lengre sesjonar som gjorde at ein kom lengre på kvar samling. I tillegg hadde desse deltakarane workshops/prosjektarbeid mellom samlingane lokalt som forsterka læringseffekten. Overordna er tilbakemeldinga at dette har vore så bra som det kunne bli med dei rammevilkåra som har vore.

## Formidling og kommunikasjon

Sparebankstifitinga SR-bank tildelte i 2020 prosjektet ei ekstra finansiering for utstyr, formidling og kommunikasjon. Dette har gjort det mogleg å produsera filmar som både formidlar metoden me nyttar i prosjektet og resultatet av prosjektet:

- Film frå oppstarten av ABCD-kurset i november 2020 som per august 2021 har 210 visningar på youtube og 2900 visningar på Bømlo kommune sin Facebook-side https://www.youtube.com/watch?v=HYt6elhlStw
- Film frå prosjektarbeidet i Maurtua barnehage frå mai 2021 som per august 2021 har 39 visningar på youtube og 6900 visningar på Bømlo kommune sin Facebook-side https://www.youtube.com/watch?v=QHu42eEVhJ4

Utstyret gjer det også mogleg å produsera mindre filmsnuttar til bruk internt i prosjektarbeidet. Til dømes har me filma prosjektidéane frå Meling skule og Bremnes ungdomsskule våren 2021. Dette gjer det enklare å formidla prosjektidéane og resultata frå barn og unge sjølve både på prosjektskulane og til ungdomsrådet og andre som kan bidra til å realisera prosjekta.

## Overordna prosjektarbeid

### Deltaking i regionale samlingar

Prosjektleiar har delteke i tre regionale digitale samlingar med folkehelseprogrammet i Vestland fylke. Samlingane har innehalde erfaringsdeling og status på tvers av kommunane, samt ei samling i juni 2021 der temaet var evaluering.

### Bømlo som døme på bruk av ABCD-metodikken i internasjonalt forum

Våren 2021 vart Bømlo sitt arbeid med ABCD i nærmiljøprosjektet og folkehelseprogrammet løfta fram i Transnational Forum on Integrated Community Care (TransForm)[1]. Dette er eit internasjonalt nettbasert forum som skildrar metodar og døme for å løyse samfunnsutfordringar.

### Dialog og deltaking med HVL

HVL har i 2020/21 jobba med utvikling av eit hefte retta mot skulen. Rektor ved Meling skule og Bremnes ungdomsskule, pedagogisk leiar ved Maurtua barnehage og prosjektleiar i Bømlo kommune deltok i eit heildags digitalt samskapingsverkstad 16/2. Prosjektleiar har gitt tilbakemelding på utkast til hefte. Sekretær for ungdomsrådet deltek på digitalt samskapingsverkstad 21/6, saman med prosjektleiar.

[1] https://transform-integratedcommunitycare.com/casestudy/asset-based-community-development/

### Prosjektmøte
I 2020/21 har det vore gjennomført fem prosjektmøte. Tema på møta har vore status for prosjektarbeidet, utarbeiding av dokumentasjon og nettside, evaluering og vidare planlegging.

# Endringar og resultat
## Eigenevaluering
*Figur 1 Prosjektmedlemmane sin eigenvurdering av i kva grad tiltaka i folkehelseprogrammet har ført til endringar og resultat i 2020-21 – skala 1-4 (Kjelde: Undersøking juni 2021)*




På ein skala frå 1-4 meiner prosjektmedlemmane at tiltaka i folkehelseprogrammet har ført til store eller svært store endringar for barna, elevane og rådet og tilsette som har delteke aktivt i prosjektarbeidet. I Maurtua meiner ein også at prosjektet har gitt svært store endringar eller resultat for foreldra, Meling meiner også at ein har fått store endringar for foreldra. For ungdomsrådet og Bremnes ungdomsskule er det i liten grad endringar og resultat for foreldra. Bremnes ungdomsskule og Maurtua barnehage meiner i stor grad at tiltaka har gitt endringar og resultat for nærmiljøet, medan Meling skule og Bremnes ungdomsråd i liten grad meiner dette. For Maurtua, Bremnes ungdomsskule og ungdomsrådet meiner ein i stor grad å sjå endringar og resultat på skule-/barnehage-/rådsnivå, medan ein ved Meling i liten grad opplever dette.

## Døme på endringar og resultat
### For barn, elevar og ungdomsrådet
#### *Maurtua barnehage*
Barna er aktive og har idear til fleire prosjekt- og dei inviterer foreldre med.

Tilsette ser og høyrer om stolte barn som tar foreldre med på tur utanom barnehagetid til møteplassane, og som eig desse plassane fordi dei sjølv har medverka til plassering/ utforming/ opplevingar.

Filmen som vart laga[2] var nok eit godt bidrag til at dette vart kjent hos foreldre, men og aktiv reklame på heimesidene våre har vore med å vise foreldra at det finnes alternative turplassar for barn.

Samarbeidet med ungdomsskulen har gitt bidrag til barnehagen, som å designa "sykkel" vaskehall som er populær på leikeplassen. Elevane der hadde verktøy og material med seg, og verka å oppleva eit slikt konkret arbeide for barna våre som nyttig og noko dei var stolte av å kunne bidra med.

### *Meling skule*

Tre sjuendeklassingar deltok på ABCD-kurset. Dei har både fått ein kompetanse, har erfart at dei er kompetente og har ressursar som får ting til å sjå – Elevane har erfart at dei er språkmektige – Dei meistra å forklara kompliserte ting til Cormac på engelsk og til vaksne deltakarar, noko som har gitt dei personleg tryggleik. Prosjektideane deltakarane utvikla vart filma. Filmen visar at dei brukar læringsspørsmåla dei lærte om i kurset i ideutviklingsdialogen. Ein av prosjektideane vart gjennomført våren 2021, medan dei andre to ideane kan vera aktuelle å jobbe vidare med. Det er likevel interessant at desse ressursane først og fremst kjem til syne i kurssamanhengen, men er vanskelege å få fram i klassedynamikken.

### *Bremnes ungdomsskule*

Elevrådet har vore aktive deltakarar på ABCD-kurset. Dei har initiert prosjektidear og kome med forslag til korleis ein kan jobbe med desse. Prosjektideane deltakarane utvikla vart filma. Filmen visar at dei brukar læringsspørsmåla dei lærte om i kurset i ideutviklingsdialogen.  Våren 2021 oppretta ein elevrepresentant ungdomsgruppe med Amnesty. I tillegg er det ei rekkje prosjektidear som kan arbeidast vidare med hausten 2021: Møteplass for ungdom/eigenorganisert/ikkje-vaksenstyrte aktivitetar, aktivitetsdag til inntekt for familiar med levekårsutfordringar, tilrettelegging så fritidsaktivitetar blir tilgjengelege for alle med kopling til nasjonalt pilotprosjekt med Alle med. Ettersom niendeklasserepresentantane fortsett i elevrådet siste skuleåret, er ideane gode grunnlag for det vidare arbeidet.

Elevrådet deltek aktivt i planlegginga av temaveka god nok. I 2021 vart dette noko utfordrande på grunn av pandemirestriksjonane.

I samband med ABCD-kursret vart arbeidslivsfaget på Bremnes ungdomsskule kopla til Maurtua barnehage sitt prosjekt (omtala over).

### *Ungdomsrådet*

Det har vore mykje usikkerheit blant dei unge kva ungdomsrådet er, og kva det er meininga dei skal gjere i ungdomsrådet. Endringa skjedde særleg i siste kursdel, då dei såg si individuelle rolle i Ungdomsrådet. Etter det siste møtet kom fleire av medlemmane med konkrete forslag til ting dei ville jobbe med. Ungdomsrådsmedlemmane sjølv seier mellom anna:

- ABCD-kursa var kjekt å vere med på, då me lærte mykje av korleis eit samfunn kan bli bra ved å stå saman og vere løysningsorienterte, og å gå i problem for å finne ut kva me må fokusera på for å løysa dei.

- Av ABCD-kurset har eg lært mykje om korleis ein kan engasjere seg i lokalsamfunnet for å gjere ein forskjell. Eg har og blitt flinkare til å sjå moglegheiter eit lokalsamfunn kan ta nytte av.

- Dette året lærte eg nye måtar å tenke på i ungdomsrådet, det lærte meg og korleis ein betre kan samarbeide med andre. ABCD-kurset gjorde eigentleg det same; lærte meg nye måtar å tenkje på, eller sjå ting.

---

[2] https://www.youtube.com/watch?v=QHu42eEVhJ4

## For lærarar og tilsette som deltek aktivt i prosjektet

### *Maurtua barnehage*

Barnehagen trekk fram at dei har blitt betre på ressurstenking, og meir medvetne på at barnehagen har viktige ting å bidra med til nærmiljøet vårt. Gruppa som har vore på ABCD er positive og gode på å sjå ressursar rundt oss, hente dei ut og bruke dei.

I evaluering av kurset trekk ein av dei tilsette som har delteke i prosjektarbeidet dette fram som det viktigaste hen tek med seg: «Eg vil sjå etter andre sine "skills" og stilla meir spørsmål om kva andre kan bidra med - ikkje tenkja at andre ikkje har resursar eller lyst til å bidra.»

Personalet på avdelingane deira har samarbeida om to prosjekt/ nye områder. Det har gitt motivasjon, meistringsopplevingar og engasjement i jobben.

### *Meling skule*

For lærarane som ikkje hadde delteke på kurset før ga deltakinga forståing for grunnprinsippa for ABCD-metodikken: Sleppe barna til og ligge bakpå og lytte. Ei viktig rolle for lærarane er å gjera elevane som deltek aktivt i prosjektet i stand til å ta "ekspert"-rolla i klassemiljøet. For rektor som hadde delteke frå tidlegare: Eit år med augeopnar for at me undervurderer dei yngre elevane – Ein ser at gruppedynamikken har ei viktigare rolle enn alder. Dei yngre elevane kan gjennomføre øvingar og vera ambassadørar i eige klasserom. I byrjinga var det aldri aktuelt å tenkja seg dei yngste inn i dette. Veldig givande å gå på kurs med barn og unge - men tidlegare år har vist at nokon ikkje taklar det – Det er derfor viktig at barna er med på frivillig basis - Må veta kva det er og ein må bli spurt på same linje som dei som no var med på kurs.

### *Bremnes ungdomsskule*

Inneverande år har vore eit utfordrande år å kunne gjennomføra fellesaktivitetar for læraren. Elevrådslæraren ved Bremnes ungdomsskule har delteke på ABCD-kurset saman med elevrådet.

### *Ungdomsrådet*

Ei av dei største endringane for koordinator/sekretær for ungdomsrådet, er at ein har gjennom ABCD-kurset sett av tid til berre å tenke på ungdomsrådet sin funksjon. Det har vore svært nyttig å tenkje i lag med dei andre deltakarane i kurset, og få nytt perspektiv på kva ungdomsrådet si rolle er og bør vere. Det har og gjort at koordinator verkeleg har endra sitt syn på kva reell medverknad er, og kor viktig det er at me vaksne skapar ein arena der ungdommen faktisk blir invitert med til å medverke på deira premiss.

## For foreldra

### *Maurtua barnehage*

Foreldra har aktivt bidratt med sine ressursar, og dei har gjort "dugnadsarbeid".  Dei har kome med mykje ros til oss i barnehagen (motiverande), og nytta seg av områda saman med barna på fritida si.

Ein far har blitt så ivrig at han har nytta sin ressurs til å risikovurdera ein møteplass; Gullskaret og sendt til oss, Dette har han gjort på frivillig basis (dugnad), og døme på dette blir sendt til prosjektleiar).  Foreldre bidrar også gjerne med utstyr som må til, og nokre har fått ein byrjande forståing av kva ruslemaking med barn er. Altså at tur med barn ikkje nødvendigvis må ha eit mål, men at det er sansing og oppleving undervegs som er viktig.

### *Meling skule*

For foreldra til deltakarane på ABCD-kurs har dei meldt tilbake at kurset har betydd mykje for barna. Det kan også tyde på at familiane har gode diskusjonar basert på barna sine opplevingar. Foreldra til sjuende klasse var vaktar på klassefesten

#### *Bremnes ungdomsskule*
Det er informert om prosjektet i samarbeidsutvalet, men foreldra har elles i liten grad vore involvert.

### For nærmiljøet

#### *Maurtua barnehage*
Nærmiljøet nyttar områda barnehagen brukar i endå større grad, både leikeplassar og områda i skogen.  Besteforeldre er tatt med på ruslemaking.

Filmen om prosjektet har bidratt til omtale, og skapa nysgjerrige bekjente som vil gå på tur i "våre" områder.

#### *Meling skule*
Grendautvalsleiar deltok på ein kursdag, men det har ikkje vore gjennomført felles aktivitetar inneverande år. Me ser at me må få det til å "ta av" på store delar på skulen - då må me få mobilisert mange og få dei til å "brenne for noko".

#### *Bremnes ungdomsskule*
Samarbeid med Maurtua der arbeidslivsfaget har laga utstyr, dyr osv. for uteområda deira.

#### *Ungdomsrådet*
Har ingen døme på endringar enno. Men eit resultat av eit aktivt og deltakande ungdomsråd, vil vere at ein får ungdommar som aktivt deltek i utviklinga av eige lokalsamfunn. Dei vil og då bli høyrd, og føle at dei blir høyrd, i prosessar som historisk har blitt gjennomført av vaksne.

### For skulen/barnehagen/ungdomsrådet?

#### *Maurtua barnehage*
Me kjenner og er blitt meir bevisst at me er viktige for nærmiljøet vårt, og har erfart at me har ei kontaktflate med mange ressursar som har lyst til å bidra i arbeidet vårt.   Me har knytt til oss nye og gode samarbeidspartnarar, og ser at det er mange som også har lyst til å bidra når me etterspør deira ressursar.

Det har gitt positive og engasjerte barn, foreldre og personale rundt prosjekta.

#### *Meling skule*
Resultata er knytt til sjuande klasse og elevar og lærarar som aktivt har delteke, men dette har ikkje spreidd seg til andre klassetrinn/heile skulen.

#### *Bremnes ungdomsskule*
Har fått modellar å jobbe med som førebyggjer og bidrar til å laga eit godt skulemiljø.

Viktig at me ser prosjektet over tid: Det tek tid - må sjå på det som ein positiv snøball - det tek tid før ein ser den raude tråden; me jobbar fragmentert - må klare å finne dei gode koplingane med andre prosjekt. Dette har vore ekstra utfordrande inneverande år.

#### *Ungdomsrådet*
Me skal til hausten ha ein "kick off" for ungdomsrådet, der ein skal invitere alle elevråda på ungdomskule og vidaregåande med oss på ei helgesamling. I denne samlinga vil me drøfte kva som skal til for at ungdommen skal bli høyrd på ein best mogleg måte, og ein vil og drøfte i kva form ungdomsrådet bør vere i Bømlo kommune. Så det blir spanande å sjå kva endringar dette fører til for ungdomsrådet.

## Overordna vurderingar 2020-21

Til tross for at koronapandemien påverka prosjektarbeidet i 2020-21, vart det gjennomført kursrekkje i ABCD-metoden og ei rekkje viktige tiltak med resultat og effekt for både dei som aktivt deltok i prosjektet og for barnehagane, skulane og nærmiljøet. Prosjektet og resultata har også vore synleggjort både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Konklusjonen av oppsummering og resultat er at

- Bømlo gjer eit godt arbeid med medverknad og deltaking og systematisk bruk av ABCD-metodikken. Det er likevel naudsynt å bruke det siste prosjektåret til vidare utprøving av korleis ein i større grad kan få resultat kan få resultat og effekt for fleire enn dei som aktivt deltek på kurs og i prosjektarbeidet. Me bør derfor gjennomføra aktivitetar retta mot til dømes mot heile tilsettegruppa eller elevrådet eller andre organ som inkluderer representantar for heile barnhagen eller skulen, samt bruke ABCD-metodikken i tverrfaglege utviklingsprosjekt som også inkluderer frivillige lag og organisasjonar.
- Ettersom ungdomsrådet inkluderer medlemmar frå ulike delar av kommunen som ikkje har møtepunkt utanom møta i rådet, er det viktig at dei blir kjent med kvarandre og rolla si tidleg i skuleåret og identifiserer kva prosjekt dei brenn for og ønskjer å jobbe med.
- I det siste prosjektåret blir det også viktig å finne gode formidlingsplattformar som grunnlag for erfaringsdeling av både metode og døme på tiltak og resultat.

Bømlo kommune

**Saksutgreiing til folkevalde organ**

Dato: 18.08.2021
Arkivref: 2021/2580-18785/2021 / G19

Saksbehandlar: Lene Borgen Waage
53 42 30 58
lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no

| Sak nr i møte | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Utval for levekår | 31.08.2021 |
| | | |

**PROGRAM FOR FOLKEHELSE OG UNGDOMSRÅDET 2021-22**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Utval for levekår tek informasjon om folkehelseprogrammet i Bømlo til vitande.

2. Utval for levekår godkjenner utprøving av alternativ arbeidsform for ungdomsrådet i Bømlo 2021-22

**Dokument i saka:**
Vedlegg 1 Oppsummering og evaluering av program for folkehelse 2020-21

**Bakgrunn for saka:**
Bømlo kommune har i perioden 2019-22 eit program for folkehelsearbeid retta mot medverknad og deltaking for god trivsel og livskvalitet for alle barn og unge. Prosjektet er forankra i FN sin barnekonvensjon artikkel 12: *Alle barn har rett til å seie meininga si og deira meining skal bli tatt på alvor*, samt Bømlo kommune sin kommunedelplan for oppvekst. Prosjekta er finansiert med støtte frå Vestland fylke, Helsedirektoratet og Sparebankstiftinga SR-bank.

Målet er at barn og unge er medvitne om eigne ressursar, at dei har verdi og er viktige aktørar i sitt lokalsamfunn, i barnehagen og i skulen. Bremnes ungdomsskule, Meling skule og Maurtua barnehage deltek i prosjektet, saman med ungdomsrådet. I tillegg nyttar vi metode og erfaringar i planprosessar og arbeid i heile Bømlo og har eit eige delprosjekt for bruk av metodane i kommunens arbeid.

I prosjektet samarbeider Bømlo med Høgskulen på Vestlandet og den internasjonale kapasiteten Cormac Russel i *Nurture Development* med systematisk bruk av ABCD-metoden (Asset Based Community Development). Dette er ein styrkebasert tilnærming, der me tek utgangspunkt i alle dei gode ressursane i våre lokalsamfunn i utviklinga av barnehage, skule, nærmiljø og kommune.

Prosjektplan og meir informasjon om prosjektet finn ein på Bømlo kommune sine nettsider.

Skuleåret 2020-21 har program for folkehelse i Bømlo gjennomført kursrekkje i ABCD-metoden og ei rekkje viktige tiltak med resultat og effekt for både dei som aktivt deltok i prosjektet og for barnehagane, skulane og nærmiljøet. Vedlegg 1 viser oppsummering og evaluering av

prosjektaktivitetane i program for folkehelse i 2020-21. Det er verdt å merke seg at prosjektet har hatt høg aktivitet, til tross for at koronapandemien har gjort det naudsynt å arbeide annleis og at mange av prosjektdeltakarane har hatt høg arbeidsbyrde.

Ved hjelp av finansiering frå sparebankstiftinga SR-bank har me også laga filmsnuttar som synleggjer metode og resultat av prosjekta. Desse ligg på kommunen sine nettsider[1] og er delt via sosiale media. Til saman har videosnuttane nærare 10 000 visningar. Representantar frå prosjektet har også vore aktive i regionale og nasjonale nettverk og forum. I tillegg har Bømlo blitt brukt som døme i eit internasjonalt forum der ABCD-metodikken var omtala. Dette bidreg til å synleggjera prosjektet og Bømlo.

**Plan for prosjektet skuleåret 2021-22**

Skuleåret 2021-22 er det siste skuleåret i prosjektperioden før sluttevaluering. Aktivitetane våre dette året skal dermed leggja til rette for at ein går frå prosjektaktivitetar til å sjå korleis ulike aktivitetar kan og bør inkluderast i drift.

**Maurtua barnehage**

Ved Maurtua barnehage har prosjektaktivitetane bidrege til utvikling av ei rekkje område i nærmiljøet. Hausten 2021 vil ein få på plass ei nettside der barn, foreldre og besteforeldre kan få veta meir om stadane i nærmiljøet til barnehagen. I utviklinga av nettsida legg ein vekt på at ein enkelt kan endra namn, plassering og innhald i tråd med at barna er med å utvikla nye og gamle område.

**Meling skule**

Ved Meling skule vil heile personalgruppa få ei innføring i ABCD-metodikken som del av planleggingsdag før skuleåret byrjar. Då vil ein diskutera korleis ein kan mobilisera elevar med ulike ressursar for utvikling av skulen og nærmiljøet og korleis me kan mobilisera og involvera ulike ressursar knytt til skulen slik som krinslag, foreldre, besteforeldre, tilsette og næringsliv.

**Bremnes ungdomsskule**

Bremnes ungdomsskule hadde allereie i tidlegare skuleår inkludert metodar og aktivitetar knytt til prosjektet som til dømes *Hovud-hjarte-hender-øvinga* som del av introduksjonsveka med 8.klassingane og arbeidet med temaveka «God nok». For at ein større del tilsette skal få eigarskap til prosjektet vil rektor og prosjektleiar ha kartleggingsaktivitetar og andre prosjektaktivitetar retta mot heile tilsettegruppa. Vidare vil ein leggja til rette for at elevrådet arbeider vidare med ideane som kom fram våren 2021. Arbeidslivsfaget vil vidareføre samarbeid med Maurtua barnehage. Det er også aktuelt å kopla dei på prosjekt som skal gjerast i Svortland sentrum.

**Bømlo ungdomsråd**

Tidlegare evaluering av ungdomsrådet (PS 54/19 i kommunestyret[2]) viste at ungdommane i Bømlo opplever at noverande form på ungdomsrådet gjer at ungdomsrådet blir utilgjengeleg og lite synleg. Vedlegg 1 med evaluering av prosjektarbeidet skuleåret 2020-21 understøttar at det er usikkerheit blant dei unge om kva ungdomsrådet er, og kva det er meininga medlemmane skal gjere i ungdomsrådet. Dette skuldast i stor grad lav møtefrekvens for ungdomsrådet og at medlemmane ikkje kjenner kvarandre.

---

[1] https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivilligheit/folkehelse/

[2] https://einnsyn.bomlo.kommune.no/einnsynBK/DmbHandling/Details/30295?sourceDatabase=

Ein opplevde at det skjedde ei endring i siste kursdel, då medlemmane såg si individuelle rolle i Ungdomsrådet. Etter det siste møtet kom også fleire av medlemmane med konkrete forslag til ting dei ville jobbe med. Men desse forslaga kom då på det tidspunktet der over halvparten av ungdomsrådet vil bli bytta ut før neste møte.

Me foreslår derfor at Bømlo ungdomsråd hausten 2021 gjennomfører ei kick off helg, der elevråda på ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane i Bømlo gjennomfører eit opplegg for å bli kjent med kvarandre, rolla si, ressursane sine og identifisera kva prosjekt dei brenn for.

Denne helga vil me både nytte erfaringane frå dei av representantane som framleis er med i ungdomsrådet og prosjekta som vart løfta fram våren 2021.

I tillegg til Bømlo jobbar også ungdommens kommunestyre på Askøy for å delta denne helga. Slik kan me utvikla opplegget i samarbeid med Askøy kommune, som også er deltakarar i folkehelseprogrammet. Slik vil me også kunne søkja ekstra midlar til dette prosjektet frå fylket.

Me ynskjer å la ungdommane sjølve bruke samlinga til både å identifisera kva prosjekt dei brenn for og ynskjer å jobbe med og korleis dei vil jobbe. Dersom ungdommane ønskjer det, kan dei til dømes laga grupper som jobbar med utvalde tema og ikkje gjennomføra tradisjonelle ungdomsrådsmøte. Arbeidsformen vil kunne tilpassast ungdommane sine ønskje, med alt frå workshops, debattar i samarbeid med «Mostratinget[3]» eller arrangement på (utvalde) skular. Me vil i så fall leggja opp til ei samling for heile ungdomsgruppa, saman med politikarar og representantar for administrasjonen i kulturhuset i mai 2022, der temagruppene legg fram resultata av sine arbeid og evaluerer den valde arbeidsformen.

Dette vil innebera at me testar ut ein ny arbeidsform for ungdomsrådet som er i grenseland kva gjeld retningslinene for ungdomsrådet frå 2019. Leiar og nestleiar vil få fullmakt til å uttala seg om dei sakane som ikkje det er temagrupper for.

Prosjektet vil bidra til at ungdommane får innsikt i at demokratiet har ulike former og uttrykk og gjer dei i stand til å delta i demokratiske prosessar. Slik understøttar prosjektet demokrati og medborgarskap som tverrfagleg tema i skulen i kunnskapsløftet 2020.

Dersom det er relevant vil det bli lagt til rette for at resultat av arbeida blir lagt føre aktuelle politiske utval. Samla evaluering av arbeidsforma blir uansett lagt fram politisk i siste møterunde før sommaren 2022, med ei vurdering av om retningslinene for ungdomsrådet bør reviderast.

**ABCD i kommunen**

For å jobbe vidare med korleis ABCD-metoden kan nyttast i Bømlo kommune, vil me hausten 2021 gjennomføra eit ABCD-kurs der deltakarane er knytt til to tverrfaglege utviklingsprosjekt: Leva heile livet og universell utforming av uteskule. I tillegg til leiarar og tilsette frå alle tre verksemdsområde, vil også representantar for lag og organisasjonar i prosjekta delta.

**Felles nettside for å dele verktøy og erfaringar**

For perioden 2022-27 ønskjer Helsedirektoratet at erfaringane frå kommunane som har delteke i program for folkehelse skal bli gjort tilgjengelege og leggja grunnlag for utvikling i alle norske kommunar. I 2021-22 vil me vidareføra arbeidet med å formidla metode og døme. Her vil me søkja

---

[3] Mostratinget blir debattar med og for barn og unge i regi av Moster 2024.

samarbeid med andre kommunar, fylket, HVL og Nurture development. Me vil søkja om eigne midlar til arbeidet.

**FN sine berekraftsmål:**




**Økonomiske konsekvensar:**
Program for folkehelse er finansiert med midlar frå Vestland fylke og Helsedirektoratet. I tillegg har prosjektet fått øyremerka finansiering frå sparebankstiftelsen SR-bank.

Aktivitetane ein legg opp til å bli gjennomført i 2021-22 vil bli dekka av midlane som allereie er løyvde i prosjektet. I tillegg vil me søkja midlar fylket no har lyst ut for kommunane som tek del i folkehelseprogrammet for å auka handlingsrommet i aktivitetane retta mot ungdomsrådet og nettside for å dela verktøy og erfaringar.

**Miljømessige konsekvensar:**
Ingen

**Beredskap- og samfunnstryggleik:**
Ingen

**Folkehelse:**
Program for folkehelse i Bømlo har som mål at barn og unge sine ressursar og innspel medfører god trivsel og livskvalitet for alle barn og unge i kommunen.

**Oppsummering og konklusjon:**
Kommunedirektøren meiner oppsummering av prosjektaktiviteten i skuleåret 2020-21 viser at Bømlo gjer eit godt arbeid med medverknad og deltaking og systematisk bruk av ABCD-metodikken og at prosjektaktivitetane som er planlagde i 2021-22 vil bidra til ei god avslutning av prosjektet:

- Som evalueringa viser er det no viktig å bruke det siste prosjektåret til vidare utprøving av korleis ein i større grad kan få resultat og effekt for fleire enn dei som aktivt deltek på kurs og i prosjektarbeidet. Kommunedirektøren støttar derfor konklusjonen om at ein no gjennomfører aktivitetar retta mot til dømes heile tilsettegruppa eller elevrådet eller andre organ som inkluderer representantar for heile barnhagen eller skulen, samt at ein brukar ABCD-metodikken i tverrfaglege utviklingsprosjekt som også inkluderer frivillige lag og organisasjonar.
- Ettersom ungdomsrådet inkluderer medlemmar frå ulike delar av kommunen som ikkje har møtepunkt utanom møta i rådet, er det viktig at dei blir kjent med kvarandre og rolla si tidleg i skuleåret og identifiserer kva prosjekt dei brenn for og ønskjer å jobbe med. Kommunedirektøren rår derfor til at ein prøver ut arbeidsform i tråd med planen skissert over.
- I det siste prosjektåret meiner kommunedirektøren også at det er viktig å finne gode formidlingsplattformar som grunnlag for erfaringsdeling av både metode og døme på tiltak og resultat.

«ABCD-ASKØY»
ET RESSURSFOKUSERT FOLKEHELSEPROSJEKT

# SoNoM

## SAMMEN OM NÆRMILJØ OG MØTEPLASSER

## «NÆRMILJØENTREPRENØRSKAP SATT I SYSTEM»

Under utvikling




Arbeids- og prosessdokument pr.10.09.21 utarbeidet av:
Bjørn Tore Bystrøm – kommunal konnektor og faglig ansvarlig for Askøy kommunes folkehelseprosjekt **SoNoM**
Mail: bjobys@askoy.kommune.no
Mobil: 99 55 66 00

# Innhold

1. Prosjektets formål s. 3

2. ABCD – hva er det? s. 3

3. Viktige begrep/ roller i SoNoM-prosjektet s. 4

3.1. Kommunal konnektor s. 4

3.2. Skolens ABCD-kontakt s. 4

3.3. ABCD-forsker s. 4

3.4. ABCD-proff s. 4

3.5. Nærmiljøkontakt s. 4

3.6. Ressursfokusgruppen s. 5

4. Kartlegging av og med de unge s. 6

4.1. Klart jeg kan! (Ressurskartlegging) s. 6

4.2. Ønskelisten s. 7

4.2.1. Nærmiljøet i farger s. 7

4.2.2. Min ønskeuke s. 8

4.2.3. Møteplassen s. 9

4.2.4. Ungdomssamling s. 10

4.3. Forskningsrapport s. 11

# 5. ETT SKRITT AV GANGEN! (SAMMEN!) s. 12

## 1. Prosjektets formål

Formålet med prosjektet er å jobbe fram en kommunal medvirknings- og samarbeidsmodell slik at det utvikles attraktive og gode møteplasser for barn og unge.

Viktige problemstillinger i prosjektet er:

1. Hvordan kan barn og unges medvirkning fungere som utgangspunkt for bred mobilisering i et nærmiljø?
2. Hvordan kan kommunen, skolen og frivillige bistå i utvikling av møteplasser for barn og unge?
3. Vil en støttet prosess for mobilisering av lokale ressurser bidra til at det utvikles møteplasser i nærmiljøene?
4. På hvilken måte kan erfaringer fra prosjektet bidra til utvikling av kompetanse og en kommunal modell for å bistå nærmiljø med utvikling av møteplasser (bærekraftig system)?

## 2. ABCD – hva er det?

ABCD kan sees som en strategi for bærekraftig lokaldrevet samfunnsutvikling. Hovedtrekkene består i å identifisere og mobilisere allerede eksisterende, ofte underkjente, lokale ressurser og ta de i bruk på nye måter. Lokalbefolkningen skal involveres gjennom hele prosessen og fokuset ligger på lokalsamfunnets styrker, heller enn negative aspekter og utfordringer.

ABCD har tre prinsipper:

- Innbyggerstyrt
- Relasjonsorientert
- Ressursbasert

ABCD kommer av det engelske Asset-Based Community Development og oversettes gjerne til ABCD-metoden. Den ble utviklet av professorene John McKnight og Jody Kretzmann i Chicago, som i 1996 stiftet Asset-Based Community Development Institute ved Northwestern University.

ABCD-metoden legger til rette for brukermedvirkning, blant annet ved å ta utgangspunkt i spørsmål som «Hva er det lokalsamfunnet kan best?». Ved å involvere innbyggerne i besvarelsen, sikter metoden på å skape sunnere, tryggere, mer velfungerende og inkluderende lokalsamfunn.

Utdrag fra ***Oppskriftsheftet for eit stadig betre lokalsamfunn. ABCD på 1-2-3.***
Utgitt av Høgskulen på Vestlandet 2019
ISBN: 978-82-93677-02-4 revisjon juni 2020

# 3. Viktige begrep/ roller i SoNoM-prosjektet:

## 3.1. Kommunal konnektor

- Bindeleddet mellom kjernegruppen og tverrfaglig prosjektgruppe.
- Kompetanse til å utvikle metodikken videre – veilede og hjelpe i de lokale prosessene.
- Bruke kommunalt nettverk til å koble på andre aktører som kan bidra.
- Bistå Ressursfokusgruppen i arbeidet med å **utvikle** lokale møteplasser, ikke drifte/ iverksette dem.
- Sørge for at elevene/ungdommenes stemmer blir en tydelig del av prosessen, jf. effektmål.
- Kursholder for ABCD-forskere
- Veileder for ABCD-proffer
- Faglig ansvarlig for metodisk verktøy til bruk for ressurskartlegging og datainnsamling til bruk i SoNoM
- Faglig ansvarlig for ungdomssamling tilknyttet SONOM

## 3.2. Skolens ABCD-kontakt

Ansvarlig for å invitere elever til å bli forskere og har også ansvar for utvelgelse. Det velges/ utnevnes 4-5 elever i starten av 6. trinn annethvert år. Disse deltar på kommunalt ABCD-forskerkurs og blir deretter nærmiljøets eget ABCD-forskerteam. Skolens ABCD-kontakt har ansvar for å følge opp ABCD-forskerne i skoletiden og skal samhandle med nærmiljøkontakten tilknyttet skolen.

## 3.3. ABCD-forsker

ABCD-forskerne skal gjennom metoder de lærer på ABCD-forskerkurset, innhente barn- og unge i nærmiljøet sine ønsker, tanker og drømmer om sitt nærmiljø. Nærmiljøkontakten i samarbeid med skolens kontaktperson, skal hjelpe de i prosessen og også hjelpe de og systematisere det som kommer inn i forbindelse med undersøkelsen.
ABCD-forskerne samarbeider med skolens elevråd men den enkelte ABCD-forsker behøver ikke å være en del av elevrådet. ABCD-forskerne i samarbeid med skolen og Ressursfokusgruppen inviterer til Nærmiljøsamling 1.

## 3.4. ABCD-proff

Ungdom som har gjennomgått 2 dagers ABCD-kurs. ABCD-proffene får bl.a. medansvar for deler av Nærmiljøsamling 1 – ressurskartlegging. (se plan for Nærmiljøsamling 1)
ABCD-proff kan være tidligere ABCD-forsker slik at det blir en videreføring av erfaring og en kompetanseheving. I tillegg vil andre ungdommer få mulighet til å være med og det vil være et tett samarbeid med Ungdommens kommunestyre (UKS). UKS skal være et kompetanseteam innen ABCD-metodikken og vil samarbeide tett med kommunal konnektor.
ABCD-proff kan/ bør være en del av Ressursfokusgruppen

## 3.5. Nærmiljøkontakt

Samarbeide med skolens ABCD-kontakt og skolens ABCD-forskere i forhold til «Ønskelisten». Sekretær for nærmiljøets ressursfokusgruppe med ansvar for bl.a. innkalling til ressursfokusgruppemøter. Tilrettelegger for den lokale Nærmiljø-/ ABCD-samlingen. Kartlegge, systematisere og koordinere de lokale ressursene. Systematisk kontakt/ oppdatering med skolens ABCD-kontakt. Systematisk kontakt/ oppdatering med kommunal konnektor

## 3.6. Ressursfokusgruppen

1. Formål:

- Styringsgruppe for SONOM i sitt nærmiljø

2. Oppgaver/ ansvar:

- Ansvar for fremdrift lokalt.
- Ha oversikt over lokale ressurser og ressurspersoner.
- Sortere lokale ideer/ ønsker etter ABCD modellen.
- Utarbeide en fremdriftsplan i samråd med kommunal konnektor.
- Inviterer til Nærmiljøsamlinger sammen med Nærmiljøkontakt og ABCD-forskere/ proffer

3. Organisering:

- Frivilligbasert gruppe
    - 1 skolekontakt (skolens ABCD-kontakt)
    - 1 Nærmiljøkontakt (sekretær)
    - 1 til 2 fra FAU/ foreldre/ foresatte
    - 2 ABCD-forskere (deltar ved behov)
    - 2 ABCD-proffer (deltar ved behov)
    - 2 – 4 lokale ildsjeler fra f.eks. lag/foreninger/næringsliv m.m.

Deltakelse i gruppen kan lokalt tilpasses. Her handler det om å få med noen som ønsker og har ressurser til å delta. Kjernegruppen velger selv hvem som skal stå som leder

# 4. Ressurskartlegging av og med de unge:

## 4.1. Klart jeg kan!

Klart jeg kan! Er en bevisst- og synliggjøringsoppgave med mål om å få synliggjort ressurser som finnes blant de unge og vil gjøre elevene mer bevisst på både sine egne ressurser og sine medelevers. Den tar utgangspunkt i metodikken Hode – Hånd – Hjerte.
Klassen deles opp i grupper på 4 – maks 5 personer. Gruppen får et stort ark med f.eks. en silhuett av en bamse eller en person. Elevene får også utdelt fargede lapper, f.eks; gule, grønne og rosa. Elevene skal etter en introduksjon av lærer/ ABCD-kontakt skrive på de forskjellige lappene og klistre de der de hører hjemme på figuren på arket. (Hode=grønn, Hånd=gule, Hjerte=rosa)

La gjerne elevene først skrive ned det de kommer på av sine styrker, ting de synes de får til bra og ganske bra, hva de er opptatt av, hva som er viktig for de/ hva de bryr seg om, hva de kan en del om osv. på et eget ark slik at de får en liten liste. Så skriver elevene på de forskjellige fargede lappene og klistrer en lapp på figuren der de tenker den hører hjemme. De andre på gruppen har ikke lov til å si noe imot det som er skrevet på lappen, men de har lov til å hjelpe med å komme med forslag til de som ikke helt klarer å finne noe å skrive på lappen/ lappene.

Når alle i gruppen har skrevet og klistret på gruppefiguren, henges arket opp i klasserommet. Gruppen kan gjerne gi sin ressursfigur et navn som de skriver over figuren. Lærer/ ABCD-kontakt leser opp høyt hva som står på lappene og alle styrkene til figurene som henger der. «*Tenk så masse ressurser det finnes i denne klassen!*»

Disse ressursfigur-arkene tas vare på av læreren/ ABCD-kontakt og benyttes i Nærmiljøsamling 1.



## 4.2. Ønskelisten

Ønskelisten er en undersøkelse/ metode som gjennomføres av ABCD-forskerne og Nærmiljøkontakten/ ABCD-proffene annethvert år blant barn og unge (10-15 år) i nærmiljøet og skal synliggjøre de unges ønsker for sitt nærmiljø.
Ønskelisten består av 3 deler; *Nærmiljøet i farger* (ca 45 min), *Min ønskeuke* (ca 45 min) og *Møteplassen* (ca 45 min)

**5 - 7. trinn (gjennomføres i skoletiden)**

***4.2.1. Nærmiljøet i farger,*** tar for seg 4 punkter. ABCD-forskere/ skolens kontaktperson/ ABCD-kontakt forteller litt om prosjektet og beskriver kort hvert enkelt av punktene elevene skal mene noe om.






En tavle deles opp i 4 deler og hver del får en farge på Post-It-lapper.
Punktene skrives opp på tavlen og det klistres den fargede Post-It-lappen i forhold til det punktet fargen representeres. Her må en se på hvilke fargemuligheter en har tilgjengelig.

1-Dette er fine steder (ex: Grønn)

Her skal elevene se for seg fine steder i nærmiljøet sitt, både utvendig og innvendig. Det kan være i nærheten av huset sitt, steder de pleier å være på fritiden, skoleområdet ute eller skolen innvendig osv.

2-Dette kan bli fint ganske enkelt (ex: Gul)

Her skal elevene se for seg steder de synes har potensiale ved seg og om det bare gjøres enkle grep, så kunne det vært nevnt under pkt 1.

3-Dette er viktig for meg (ex: Blå)

Her skal elevene skrive opp punkter som på en måte er basis for at de kan ha det godt, ha et godt liv.

4-Tenk om…. (ex: Rosa)

Her skal elevene drømme i forhold til hva de kunne ønske seg i nærområdet sitt. Viktig å poengtere at drømmer ikke har grenser.

Elevene får utdelt, eller henter 1 lapp av hver farge. De velger selv hvilket punkt de vil begynne på. Når de har skrevet på lappen, klistrer de lappen på tavlen på det punktet som har den fargen. De kan skrive flere lapper i samme farge om det blir for liten plass på kun én lapp.

***4.2.2. Min ønskeuke***, tar for seg en ukeskalender. (kjøres 1 – 2 uker etter del 1)
Mrk: Denne delen av undersøkelsen kan gjennomføres av hver enkelt kontaktlærer og overleveres til ABCD-forskerne.




Del tavlen opp i 7 dager.
Elevene får utdelt 2 forskjelligfargede Post-It-lapper, 7 i hver farge og da 1 for hver dag.
Den første lappen (ex: Oransje) de skal skrive på, skal handle om «min drømmeuke». Her kan elevene få drømme så stort de bare vil i forhold til hva de ville gjort i løpet av en uke. De henger opp lappen på den aktuelle dagen, 1 lapp for hver dag. Gjør ferdig denne dele først før neste «lappe-omgang»
Den andre lappen (ex: Gul) de skal skrive på, skal handle om hva de kunne tenke seg å gjøre i nærområdet i løpet av en uke. Her handler det mer om en «tradisjonell» fritid. Hva har de lyst til å bruke sin fritid til i løpet av en uke.
MRK! Eleven må merke lappene med hvilke dager de hører til da lappene kan ha en tendens til å falle av. (M – Ti – O – To – F – L – S)
Hver del kan godt ha forskjellige fargelapper innad om en ikke har nok av én farge men pass på at det ikke er samme farge på lappene som brukes i del 1 som i del 2.

### *4.2.3. Møteplassen* (kjøres 1 – 2 uker etter del 2)

Mrk: Denne delen av undersøkelsen kan gjennomføres av hver enkelt kontaktlærer og overleveres til Nærmiljøkontakt.

**(Gjennomføres i skoletiden og/ eller som hjemmelekse i samarbeid med foreldre/ foresatte)**



Elevene skal her skrive et dokument på sin egen elev-pc og komme med sine tanker om hvordan en møteplass kan være/ skal være/ bør være. Elevene må få mulighet til å reflektere rundt hva en møteplass er. Kjør først en «tavlerefleksjon» rundt hva er en møteplass – hva tenker de på når de hører ordet møteplass. Skriv opp alle tankene de kommer med på tavle/ whiteboard.

Så skal elevene sette seg ned med sin egen pc og skrive om hva en god møteplass er for de; er de på noen møteplasser i løpet av uken? Hvilke møteplasser tenker de det kunne vært spennende å få i området? Når de er ferdige med skolen, hva kunne de tenke seg å gjøre sammen med andre den dagen da?

### *4.2.4. Ungdomssamling*

**(gjennomføres i løpet av samling/ samlinger på ettermiddag/ kveld/ helgedag)**

Nærmiljøkontakt har ansvaret for å invitere og for å tilrettelegge for «ungdomsdelen» av undersøkelsen. Kommunal konnektor har det faglige ansvaret sammen med ABCD-teamet i ungdommens kommunestyre og det kan være fint/ lurt å benytte ABCD-proffer til å lede samlingen/ undersøkelsen. Tema er «Ressurskartlegging» og «Min drømmeuke» (ca 2,5 timer inkl. bespisning) Benytt gjerne gratis pizza e.l. som en god «gulrot» i en invitasjon til ungdomssamlingen.



## 4.3. Forskningsrapport

- ABCD-forskerne og eventuelt ABCD-proffene lager en forskningsrapport sammen med Nærmiljøkontakten og skolens kontaktperson som overleveres til Ressursfokusgruppen.
- Design på forskningsrapporten er det ABCD-forskerne i samarbeid med Nærmiljøkontakt og skolens kontaktperson som utarbeider for sitt nærmiljø.
- ABCD-forskerne legger fram sitt forskningsresultat i starten på Nærmiljøsamling 1.



«Ukeønskeliste»

Rask brainstorming med prosjektforskere 16/9-20 Tveit skole

| Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lørdag | sø |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Har kan du drømme litt om hva du ville gjort i løpet av en uke | | | | | | |
| Spille med venner<br>Trening<br>Tegnetime<br>Paris<br>Være med venner<br>Reise til USA<br>Spille warzone<br>Hester<br>Være med venner<br>opp på meny<br>Dra til meny med venene mine<br>USA | Være med familien<br>Island<br>Reise til Legoland<br>Fritid<br>Kamp<br>Trene<br>Usa<br>Dra til Flipson<br>Spise Pizza med venner | Afrika<br>Reise til USA NYC<br>Italia<br>Gå på tivoli med venner og kjøpe masse godteri<br>England<br>Fly til Usa<br>Dra til Spania | Italia<br>Roma<br>Spise criors<br>Spille spill med venner<br>Dra til bake til norge<br>Spille kamp fotball<br>Tyskland<br>Være i NYC i USA | Fore hestene<br>Leietur<br>Spise Taco<br>Spille med venner<br>Dra til italie<br>Ha taco fest hjemme<br>Paris<br>Island<br>Spise Pizza og se mange filmer med venner | Canada<br>Overnatte på hotell<br>Spise pitsa<br>Spise Pizza med familie<br>Fritid<br>Ridetime med spring<br>Spille hele dagen og spise masse goteri<br>Spania | |
| Har handler det om hva du gjerne vil kunne gjøre her på Tveit | | | | | | |
| Mat og Helse hele dagen<br>Spilletime<br>Turn<br>Være med venner<br>Kino<br>Danseklubb<br>Sneks otomat<br>Tur | Spille fotballkamp<br>Ridetime hele dagen<br>Film time<br>Kinokveld med klassen<br>Piano<br>Geiming klub<br>Matlaging | Telefon time<br>Game klubb<br>Piano<br>Piano<br>Trening<br>Fritidsklubb<br>Fritidsklub<br>Pai messe ting | Fotballkamp<br>Kino<br>Film hele dagen<br>Spilling<br>Turn<br>Piano<br>Gjemmsel<br>Koke kurs | Game klubb<br>Ridning hele dagen<br>Filmkveld med klassen<br>Diskotek<br>Spille warzone<br>Piano<br>Turn<br>Kino | Åvernating på skolen<br>Gjøre hva du vil time<br>Piano<br>Turn<br>Sove hele dagen | Kino<br>Gjøre hva du vil time<br>Komme her med venner<br>Diskotek |

# 5. ETT SKRITT AV GANGEN! (SAMMEN!)

## STEG 1

**ABCD-forskerkurs** for elever ved skolen (6.trinns elever)
Kommunal konnektor er kursleder. Det gjennomføres helst ett kurs samlet for alle kommende ABCD-forskere men det kan gjennomføres ved hver enkelt skole. Dette avtales mellom kommunal konnektor og skolene.

## STEG 2

**Klart jeg kan!** og **Ønskelisten** for elever i 5. – 7.trinn gjennomføres ved hver skole (3-delt undersøkelse).

**Ungdomssamling** ungdom i 8. – 10.trinn gjennomføres.

## STEG 3

**Nærmiljøsamling 1** - Prosjektforskere og Ressursfokusgruppen inviterer nærmiljøet til samling m/ middag
(middag kan f.eks lages og serveres av elever, fau osv.)

- Velkommen ved prosjektleder eller kommunal konnektor (veldig kort)
- ABCD-proffene inviterer alle til å være «Turistsjef!» (Rask brainstorming og notér på tavle)
- Nærmiljøkontakt og/ eller skolekontakt presenterer seg og sin rolle
- ABCD-proffene/ Nærmiljøkontakt henger opp «Ressursfigurene» fra *Klart jeg kan!* som elevene i 5. – 7. trinn har laget og forteller litt om hva som står på de.
- Dialogkafé med ressurskartlegging («Hode, hånd, hjerte» + «steder/ områder/ bygninger/ personer») ABCD-proffene sammen med Nærmiljøkontakten leder prosessen.
- Det legges kun kortfattet fram i plenum hva som har kommet fram
- ABCD-forskerne legger fram sine funn
- ABCD-proffene/ Nærmiljøkontakt arrangerer «Drømmeverksted»
- Drømmene synliggjøres på plakater som henges opp
- Pause
- (Nærmiljøkontakt/ skolekontakt inviterer til å bli med i lokal Ressursfokusgruppe om den ikke er på plass før samlingen.)
- «Lommelyktrunde» Tilbakemeldinger på hva deltakerne har likt med kvelden. (maks 10)
- Takk for i kveld

## STEG 4

Lokal Ressursfokusgruppe møtes og **systematiserer** det som er kommet fram på nærmiljøsamling i samarbeid med Nærmiljøkontakt.
Ressursfokusgruppen tar kontakt med noen aktuelle personer ut i fra ressurskartlegging sett opp mot ABCD-forskernes kartlegging og «setter i gang en prosess» på 1 – 2 punkter. Kommunal konnektor informeres om hva som er kommet frem av ønsker og ressurser og om det trengs at kommunal konnektor videreformidler noen av tiltaksønskene videre i det kommunale systemet.

## STEG 5

**Nærmiljøsamling 2** - Ressursfokusgruppen inviterer nærmiljøet til samling 2 m/ middag (middag kan f.eks lages og serveres av voksne, flerkulturelle, pensjonister, helselag osv.)

- Nærmiljøkontakt/ skolekontakt ønsker velkommen
- Ressursfokusgruppen legger fram oversikt over hva som kom fram sist gjennom «Drømmeverksted» og ressurskartlegging
- Ressursfokusgruppen legger så fram tiltak de kan komme i gang med/ er allerede i gang med basert på forrige samling
- Vi feirer med kake!
- Tiltaksbord/ Ressursbord – «Dette vil jeg være med på/ her kan jeg bidra!»
- Oppsummering av tiltaksoversikt og kort om veien videre
- «Lommelyktrunde» Tilbakemeldinger på hva deltakerne har likt med kvelden. (maks 10)
- Takk for i kveld

